

FUSA KYRKJEBLAD


Nr. 2

Mars 2021

Årgang 87 år



Foto: Astrid Heidal



**Prøv det ut -
og sjå om det er sant**
S. 6-7

**Vi feirar påske
i Fusa**
S. 12-13

**Hans Nielsen Hauge -
«ånd og hånd»**
S. 14

**Ein gudstenestevinter
utomhus**
S. 16

På grunn av korona-pandemien er mykje av kyrkja sine arrangement framover usikre. Følg med på Fusa sokn si Facebook-side, i lokalpresse og andre kanalar for oppdatert informasjon i tida som kjem.

FUSA sokn Fusa kyrkjecontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Ass. kyrkjeverje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

Dagleg leiar

Hans Einar Markhus 95 93 65 80

Trusopplæring

Stefan André H. Svendsen 98 42 11 17

Petra Dahlström 95 52 96 30

Norunn Rød Markhus 91 63 77 13

Konsulent

Endre Tveit 90 24 41 52

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 97 01 35 94

Kantor

Iman de Zwarte 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Sigbjørn Sundfjord 97 65 00 93

Kyrkjeternarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwarte 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg redaktør:
Sigbjørn Sundfjord

Konto for kyrkjebladet:
3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år
Utanbygds kr. 350,- pr. år

REDAKSJONSNEMND:
Hans Einar Markhus
Toril Hjartåker Hauge

«Nytt liv av daude gror»

Denne veka eg skriv har vi akkurat fått nye smittevernreglar knytt til kyrkjebenkenne. Endeleg kan dei betraktast på lik linje med fastlåste seter. Dette gjer at glede og forventninga til påskehøgtida for min del er enda større enn normalt. Kan vi sjå eit gryande håp om ein påskedag i glede der vi som kyrkjelyd feirar Jesu oppståde frå dei døde utan dei store begrensingar? Akkurat no veit vi ikkje med sikkerheit, men vi skimtar ei spire der nye ting kan vekse fram.



Eg er ny her i bygda og kjenner ikkje til dei lokale årstidenes utfolding. Etter mitt første år her, så kunne eg tru at sommaren var varm og vakker som i fjar, og vinteren var som dei siste vekene, med frost og snø og sol. Skulle tru eg fortsatt var i Telemark og ikkje på vestlandet. Eg kan jo håpe at dette er slik sommar og vinter er her i Fusa kvart år...

Med ski på beina sist veke og islagt sjø mot Holmefjord, hadde eg ikkje trudd at eg i år skulle stå i varm fôrvind på tunet og oppdage alle grøne spirer i stampene rundt på garden. Eg såg spirer frå både påskeliljer, tulipanar og krokusar. Eg vart overraska, og glad. Eg gravde i jorda og såg for meg nye muligheter til å få garden enda vakrare enn i fjar, som om eg utan grøne fingrar klarer det... Uansett, dei mange regndagar og kalde vinterdagar var borte og håpet om sommar og vår kunne eg ta og føle på.

Det er rart kor fort vi kan gløyme vanskelege dagar og tider, når vi berre får kjenne og ta på håpet og lyset mot ei ny framtid. Me tilpassar oss, prøver å tilpasse oss og strekk oss mot lyset - noko betre der framme.

Eg undrast korleis det var for kvinnene som gjekk til Jesu grav den aller første påskedag? Dei vandra heilt sikkert sorgtunge, triste, utan håp, og vi veit dei bar blomar og salve med til Jesu grav. Dei hadde hatt ei tru på Jesus som den etterlengta Messias og bar nok med seg mange tankar:

«Korleis kunne dette skje? Det var jo Jesus som skulle fria dei ut. Han var den dei hadde venta på i så mange år. Han som profetane hadde talt om. Men så døyde han.

Han som redda alle andre, han som lækja dei sjuke.

Håpet deira døyde brutalt om fredagen.

Korsfesta saman med to forbrytarar.

Korleis skulle dei no tilpassa seg?»

Men der i mørke, midt i det håplause, midt i dei dagane der døden fekk feste med sine greiner i kvinnenes hjarte, stod sjølv lyset: Jesus!

Jesus – han som står framfor oss i dag, med det same lys, det same håp og den same livskraft og frelse.

Jesus er her. Han er Våren som «etter som eit under, nytt liv av daude gror!»

Kapellan Anette-Emilie Gangstø





Matgåve til jul – matglede til jul 2020

Det er fjerde året på rad at Fusa sokn, Fusa frivilligsentral, Fjord'n senter og Nav Bjørnfjorden arrangerer matgåve til jul, og aldri før har engasjementet vore større. Like før jul delte me ut 24 matkassar til ulike enkeltpersonar og familiar i Fusa som ikkje har så mykje å rutte med. Matkassane blei teke i mot med stor glede, tårer og takksemd.

Tusen hjarteleg takk til alle som har støttet dette tiltaket. Det har vore

stor givarglede, og er noko me set pris på. Takk til deg som la matvarer i handlevogna, kom med gåver til born, fersk bakst, ved, pengegåve og ikkje minst til alle som har vippsa. Dette hadde ikkje vore mogleg utan di støtta.

Beste helsing

Fusa sokn, Fusa frivilligsentral, Fjord'n senter og Nav Bjørnfjorden



I ein bryllupsseremoni skal presten be første halvdel av «Vår far» med handa på brudgommen sitt hovud og siste halvdel på brura sitt hovud. Men i Fusa kyrkje gjekk det, i alle fall i følgje nokon, galt ein gong. Soknepresten gløymde seg vekk og løfta først handa si over på brura sitt hovud i det han sa: «og makta og æra i all æve, Amen.»



Bli med og forandra – for andre – under pandemien

Reint vatn har aldri vore så viktig før som under koronapandemien. Kirkens Nødhjelp har mange års erfaring med brønnbygging og vassforsyning over heile verda. Det gjorde at dei på rekordtid kunne byggja handvaskstasjonar, køyra ut vassbilar og drive opplæring i hygiene for å førebyggja covid-19. Årets fasteaksjon går til dette viktige arbeidet.

Fleire land opplever no si andre bølgje av pandemien. Sjukehus blir fylt opp og heile land blir stengde ned. I Malawi har dei mått grava massegraver. I tillegg har fleire av dei fattigaste landa opplevd mange andre kriser samtidig. Covid-19 bryr seg ikkje om at Nilen flymmer over og tar med seg hus eller åkrar fulle av grønsaker. Viruset bryr seg ikkje om tørke eller om du er på flukt frå uro og konflikter og ikkje har vatn, mat eller ein stad å bu.

Susan ved vassposten i Zambia

Bli med til eitt av Kirkens Nødhjelp sine prosjekt i Zambia. Der har ein brønn og ein vasspost endra livet til innbyggjarane i Kasalaulo. Før måtte dei drikka vatnet dei vaska kleda sine i, frå den nærmeste elva. Mange vart sjuke. Alternativet var å gå i timesvis for å få tak i reint vatn og bera tunge kanner tilbake. Det var ikkje lett å få tid til for seksbarnsmora Susan Miyambo (35). No kan ho og naboane henta reint vatn når dei vil frå vasstasjonen i landsbyen.

Det har vore ekstra viktig i førebygginga av pandemien. Vatn er livsviktig – både som drikke og for å halda oss reine og hindra spreiling av sjukdomar. Grundig handvask med såpe og reint vatn er ein av dei billegaste måtane å redde liv på.

Vi må stå saman

Ein global pandemi krev global solidaritet og handlekraft. Pandemien har vist oss verdien av å stå saman når krisa rammar, både her heime og



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

5-åringen Champo drikk reint vatn frå vasspumpa. (Foto: Jason Mulikita/Fair-pictures)



Seksbarnsmora Susan Miyambo har fått tilgang til brønn og reint vatn like utanfor huset sitt. Det har forandra livet hennar. No kan ho bruk mykje meir tid saman med barna sine og til å dyrka cassava og mango. (Foto: Jason Mulikita/Fairpictures)

i landa der Kirkens Nødhjelp jobbar. Medan alt har vore stengt, har Kirkens Nødhjelp kome fram med hjelptakka vere gode partnarar på bakken. 21.-23. mars blir Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon 2021 arrangert over heile landet. Fasteaksjonen handlar om å gi reint vatn til menneske i nød. Konfirmantar og andre frivillige i kyrkjelydane i Bjørnafjorden er med og

samarlar inn pengar. Du kan bidra digitalt ved å vippa valfri sum til 2426, senda SMS med kodeord VANN til 2426 (kr 250) eller dersom du får ei utfordring til å gi i ei digital bøsse. Du kan òg overføra di gāve til konto 1594 22 87493, merk med «Fasteaksjonen».

«Gjennom Fasteaksjonen får vi høve til å hjelpe medmenneske over heile

verda. I Fusa sokn skal vi gjera ein innsats for Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. Det å gje av det vi har og visa omtanke for andre, er viktige verdiar for oss som kyrkje,» understrekar sokneprest Einar Ekerhovd og oppmodar alle om å støtta fasteaksjonen. Sei ifrå!

Du kan òg vera med og skriva under på Kirkens Nødhjelp og ungdomsorganisasjonen deira Changemaker

sitt opprop på www.fasteaksjonen.no. Dei fattigaste i verda har bidratt minst til klimaendringane, men opplever dei verste konsekvensane. Det er urettferdig. Underskriftskampanjen ber om at Noreg tar klimaansvar og aukar støtta til klimatilpassing i utviklingsland, slik at fleire får tilgang på rent vatn.

- Ella Marie Brekke Vangsnes,
KN-kontakt Fusa sokn

Fasteaksjonen i Fusa 2021
I år, som i fjar, vert aksjonen gjort heildigitalt. Me kjem til å bruka digitale bøsser på Facebook/Spleis, og vil få hjelp av konfirmantane til å spreia desse bøssene rundt. I tillegg oppfordrar me, som det står i artikkelen, til å gje på Vipps. Gåver på Vipps kan de senda allereie no. All informasjon kjem ut på Facebook og Instagram når datoene nærmar seg. Følg med!

FASTEAKSJONEN 2021

Konfirmasjonar i Fusa sokn 2021

Pandemien har sett sitt preg på konfirmasjons-førebuinga i Fusa-bygdene også for 2021-kullet. Heldigvis har ein fått gjennomført mykje av det som var planlagd, både av leir og undervisning. Litt færre gudstenester og teneste i kyrkjene har det blitt, og konfirmanthane har mått ta endringar i planar og utsetjingar. Den største utfordringa har kanskje vore at det har vore vanskeleg å sei sikkert korleis det blir med sjølve konfirmasjonsdagen. No har ein landa på ei løysing som både skal ta omsyn til konfirmantfamiliane si trøng for planlegging, tilsette i kyrkja og korona-situasjonen. Det blir difor konfirmasjon i Fusa sokn både i mai og til hausten.

Slik blir konfirmasjonane i Fusa sokn 2021:

Hålandsalen kyrkje,
laurdag 1. mai kl. 11.00
Alexander Lorentz Ditmarsen
Hallvard Markus

Hålandsalen kyrkje,
laurdag 1. mai kl. 12.30
Sander Holmefjord
Jonas Håland

Fusa kyrkje,
laurdag 8. mai kl. 11.00
Hedda-Mathilde Næss
Melissa Skar
Yngve Kolle
Elias Boge Eriksen

Fusa kyrkje,
laurdag 8. mai kl. 12.30
Inga Linnea Riise Engvik
Joakim Rødseth Berge
Benjamin Samnøy

Sundvor kyrkje,
søndag 9. mai kl. 11.00
Frida Gjerdevik Tveit
Sebastian Høviskeland Revne

Fusa kyrkje,
laurdag 28. august
Jessica Dysvik-Johansen
Ørjan Almås Aase
Tuva Sagstad
Rune Hesjedal
Jon Helge Øpstad
Emilie Kvam Holmefjord
Alma Horne
Oda Linnea Holmefjord Lyhammer
Henriette Frydenlund
Adrian Øpstad-Håvik
Celine Kaland
Helga Øvredal

Hålandsdal kyrkje,
søndag 29. august
Andreas Aarseth
Bjørg Marit Eide
Sara Gabriela Mella Kvamme
Marie Olderkjær
Daniel Eikeland Gjøen
Alf-Harald Johnsen Arra

Strandvik kyrkje,
laurdag 4. september
Are Vindenes
Askil Furubotn Storum
Gabriel Abotnes
Ida Skarstein Bakka
Ingvild Dalland
Juni Iselin Graverhaugen
Jonas Bergheim
Magnus Stenevik Gjøen
Sarah Valestrand
Sondre Lyhammer Sævareid

Fusa kyrkje,
søndag 5. september
Hannah Eline Heidal
Maren Gravdal
Silje Gravdal
Shakira Rennesvik
Martine Henanger Solheim
Lars-Ivar Opsal
Niklas Nilsen



Intervju med Else Christine Ekerhovd:

«Prøv det ut, og sjå om det er sant»

Else Christine er ikkje fødd inn i den kristne trua. Det var som konfirmant ho tok det steget.

«Fimmi'en var presten vår. Han sa: «Dersom du er usikker, er det berre éin ting å gjera: Prøv det ut, og sjå om det er sant.» Eg hugsar at eg sat ein gong i bøn, - det var Fadervår eg bad - , då stod det plutseleg for meg at Ja, det er sant! Og eg vil prøva det ut, eg vil satsa på det.»

Tekst og foto: Toril Hjartåker Hauge



Else med nausttrekkja ved Ålandssjøen.

Fimmi'en var Per Fimreite, og konfirmanten Else vart på ein måte hans disippel. «Det var under hans leiing eg gjekk inn i trua, og gong på gong har eg sett at det eg tok sjansen på, er sant. Det som skjedde i påska, det er ikkje berre ei god historie – det er sant! Eg kjenner kor stort det er at Jesus har gitt livet sitt for meg, og kor viktig bøn er for å kunna gripa det. Eg har opplevd det både i møte med sjukdom hos folk som står meg nær, og i møte med andre sine livshistorier.

Ei venninne av meg kjem frå Iran der folk må skjula den kristne trua si. Dei møtest likevel for å be saman. Ho fortel om eit hus som på underleg vis stod uskadd etter valdelege angrep.

Det var eit hus der folk var samla i bøn. Bøn betyr noko!»

Den morosame + Den tankefulle

Per Fimreite bygde opp eit livskraftig ungdomsmiljø i Os-kyrkja på 70-talet. Der hørde også ungjungen Einar til. Else visste godt kven han var, men han var altfor morosam etter hennar smak. Ho var meir av den tankefulle sorten, og då ho omsider fall for han – det var på ein skitur –, undra venne hennar seg. Korleis kunne det skje, dei som var så ulike?

Det kan vera den velkjende fysiske lova om at motpolar tiltrekker seg kvarandre, som slo til, men tre ting hadde dei to unge i alle fall felles: Ynsket, viljen og evna til å byggja menighet. Og eitt til: Synet på menighet som ein familie. Det er Einar som har hatt dette arbeidet som profesjon; Else har bygd kyrkjelyd på fritida, men ho har hatt klare syn på korleis det bør gjerast.

Det var Fimmi'en som var hennar modell som ungdomsprest, så då hennar eigen ektemann skulle inn i den rolla, sa ho tydeleg ifrå: «Me skal ta imot ungdomen!», og då meinte ho fysisk og bokstavleg talt «ta imot». Dei opna huset sitt for dei unge; berre soverommet deira var no-go-zone. Og det var ikkje berre sitt eige hus dei opna opp.

Open prestegard

Sitt første møte med Fusa hadde Else for førti år sidan. Einar hadde sommarjobb som vikar for sokneprest Odd Hilmar Keilen, og det unge paret naut sol og badeliv frå prestebustaden på Fusa. Men dette var for godt til å nyttast heilt åleine; utan å be om løyve frå huseigar inviterte dei like godt heile ungdomsgruppa frå Os over fjorden, og eit hundretals av dei kom.

I ei så stor samling ville ein vanlegvis ikkje merka om det kom eit par til, men brått dukka det opp to mennes-

ke som likevel vart lagde merke til: Det var soknepresten og frua, - éin dag for tidleg heimkomne.

For folk som kjenner Keilen, er det lett å tru Else når ho seier at han tok det fint, og heller ikkje kona hans irettesette dei.

Om lag tretti år etter, då sommarvikaren sjølv vart sokneprest i Fusa, var både han og Else innstilte på å flytta til kommunen.

«Me såg etter hus, men ei rekje praktiske forhold gjorde at me vart buande på Os-sida. Buplikta for prestar vart fjerna, og i 2007 hadde me bygd hus på staden der Einar kom ifrå. Dessutan var arbeidet mitt i Bergen, og det ville eg halda på.» Else er utdanna radiograf og har ei stilling som stråleterapeut ved Haukeland sjukehus. «Eg er veldig glad i jobben min, liker godt å undersøka, analysera og finna konkrete svar. Å bygga menighet er ein stor del av livet, men eg ville ikkje hatt det som yrke.»

Fellesskap, glede og bøn

Gjennom livet sitt i kyrkja har Else blitt kjent med svært mange menneske, og ho har levd med dei i så mange ulike samanhengar. Både ho og Einar har delteke i Tensing i Os og andre stader. Då familien budde i Høvåg i Kristiansand, var dei med i Oase-rørsle, og eit spesielt forhold har dei til ei kristen ungdomsrørsle i London. Dit har dei tatt med seg konfirmantar m.a. frå Fusa og vore del av ei samling på over 13000 menneske frå heile Europa. I tillegg kjem alle leirar og konferansar i mindre målestokk. «Siste gongen eg låg i telt på ein ungdomsleir, var eg 59 år.» Ho ler, men for oss som møter ho ute på isen på Ålandsfjorden, sporty, lett og smilande, synest det ikkje unaturleg om ho enno skulle finna på å sova utandørs. For eit par år sidan etablerte Norkirken seg i Os, og Else og Einar er med også der. «Norkirken er sprunge ut av Landsindremisjonen,» fortel Else.





Foto: Privat

Her var det 13000 ungdomar 😊😊

«Ho er del av den Norske kyrkja, men er kanskje opnare for folk som søker, og som ikkje kjenner seg heilt heime i den tradisjonelle kyrkja. I

Norkirken har me fokus på fellesskap og misjon – å nå ut til folk. Me har ikkje liturgi og fast Bibel-tekstrekke, men gudstenestene har ein del faste

punkt likevel: Der er lovsong, forkynning, nattverd og forbøn. Folk kan koma med ynske om forbøn.» Igjen vektlegg Else bøna, kor stor kraft den har.

«Gudstenestene i dei forskjellige kyrkjene har gitt ein eigen indre rol,» seier ho. «Fellesskapet på bedehuset i Eikelandssosen for eksempel får meg til å kjenna meg heime her. Eg hører til, og er ein del av all den gleda, nærlieken og omsorga som finst i kyrkjelyden. Eg er så takknemleg for å vera ein del av Fusa!»

Sigbjørn Sundfjord

er i møte 9. februar vald til ny leiar i Fusa sokneråd. Sigbjørn har lang fartstid i kyrkjelydsarbeidet og i soknerådet og kjenner kyrkjelyden godt. **Roald Samnøy** gjer seg med dette som leiar, men held fram i soknerådet. Kyrkjelyden takkar Roald for stor innsats og godt arbeid som leiar. Roald held fram som leiar i Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd.

joker
STRANDVIK

MAN-FREDAG 09.00 - 19.00
LØRDAG 09.00 - 18.00

TLF. 56 58 48 12

Os Gravferdsbyrå as



Døgntelefon
56 57 49 50

Jorunn Moberg
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørande som ønsker å gjera noko sjølv. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

www.osgravferdsbyraa.no

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED

BYGGMASTER
SVENN C. STORUM

951 56 327 storum@fusi.no

Malerfirma
Kenneth Samnøen
5640 Eikelandssosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38

**HERBALIFE
ERNÆRING**
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !

Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

www.signeg.goherbalife.com/nn-no



Isfiskarar utan fiskelukke

Laurdag 13. februar var friluftsgruppa NOAH samla på isen på Skogseidvatnet for å prøve isfiske for første gong. ISEN målte om lag 25 cm, så den var trygg og fin å ferdast på. 13 spreke gutar møtte opp for å ta del i fiske. Nappa gjorde det, og fisken hang på heilt opp til iskanten, men dverre kom det inga fisk opp på isen.

Fiskelukka var tydeleg ikkje det einaste gutane var komne for å oppleva, dei var like mykje opptekne med å vere saman, og å finne på kjekke ting på glatta. Dei andre isfiskarane som var der hadde heller ikkje mykje fangst å skryte av.

Etter økta grilla me pølser. Mange pølser måtte vere med heim att då leik og moro visst var viktigare enn å eta grilla pølser. Premien for største fisken måtte og vere med i sekken heim att. Samlinga vart avslutta med ei kort andakt.



Gutane i fullt driv med å bore hol i isen. Det var ganske strevsamt, då isen var både tjukk og hard. Litt spent var dei og om vatnet spruta opp når boren kom gjennom. Foto: Hartvig Haugen.



Stefan prøvde å lokka fisken opp med eit triks han hadde lært som ung. Det gjekk heller ikkje. Foto: Hartvig Haugen.



Håkon Hovland 1924-2021

Håkon Hovland gjekk bort 24. januar, nær 97 år. Hovland var prest i Fusabygdene åra 1956-1963, først hjelpeprest, så kallskapellan og fekk bety mykje for mange. Han har sidan vitja Fusa ved fleire høve, t.d. ved kyrkjejubileum.

KONSERT

Norheimsund og Øystese Ungdomskor

27. mars kl. 18.00: Strandvik kyrkje, Fusa

Vi er til hjelp
for deg og de
nærmeste i tiden
etter at en nær
slektning eller
venn har
gått bort.
Du skal vite at
du kan kontakte
oss når som helst,
dag eller natt. Vi
har altid tid til å
hjelpe deg!

*En verdig og
trygg avskjed*



BJØRNAFJORDEN
GRAVFERDSHJELP

Amfi Os (ing. øverste etg.) | Telefon 56 30 50 00
E-post post@bjornafjordengravferdshjelp.no



BARNESIDA

PÅSKEPAKKE

Alle born som er fødde i 2011-2014 og døypte i Fusa sokn kan sjå fram til ein påskepakke i postkassen. Då vi ikkje har høve til å treffast fant vi ut at vi kan sende ei oppmuntring i posten. Barna får høre påskebodskapen, at Jesus døyde på krossen og stod opp for alle menneske. Gud kan ikkje elsa oss meir eller mindre, Gud er kjærleik og han elskar oss som vi er. I pakken ligg det nokre ballongar, premiar, og litt snop. Vi får passe på kvarandre på eit anna vis enn før. Må vi halde fram å elsa kvarandre.

/Petra og Stefan



I år vil alle kyrkjemedlemmer som er født mellom 2011 og 2014 motta en påskepakke fra Fusa sokn.

Lat oss vise kjærleik i eit blikk

Eg er så takksam for at vi får møtest til Babysong/Musikk fra livets begynnelse igjen. Vi treng å møtest. Vi treng kvarandre. Men det er rare tider: Eg får ikkje lov å røre babyane, og må halde avstand. Det eg har oppdaga er at eg no søker blikket til babyen mykje meir enn tidlegare. Eg søker blikket deira og me møtest auge til auge, vi smilar med auga våre. Plutseleg er augekontakten så mykje viktigare. Babyar viser med heile kroppen at dei likar å vera sett. Babyen smilar, syng, hylar, dansar og veivar med armar og bein.

Vi utfordrast til å finna nye vegar for å uttrykka kjærleik, men la oss hugse at kjærleiken som kjem fra



Utsnitt av eit maleri som er måla av Sigrid Amelia Heidal.

Gud alltid vil vere den samme. Så møtest vi til babysong og kjærleiken er der, lett å kjenne på og kanskje sterkare enn før. Eg smilar med heile meg, hjarta mitt smilar i eit blikk.

/Petra, ledar for babysong.

PREMIE BLAD I: Vinnar av konkurransen i forrige kyrkjeblad blei Sverre Aarvik Hjertnes. Premien på bilde er din. **GRATULERER!**



SOFTIS om vinteren

- 2 dl kremfløyte
- 1 dl heilmjølk
- 1 dl sukker
- 1 ms vaniljesukker
- 2 plastposar
- snø
- 8–10 ms salt



Fyll ein plastpose med snø og salt. Bland kremfløyte, mjølk, sukker og vaniljesukker i ein annan plastpose. Posen knyt du saman og legg i posen med snø og salt. Knyt saman denne òg og rist i rundt 10 minutt. Nyt softis, gjerne med nokre friske bær og kola-saus.

BLAUTE VITSAR



Ei mor laga pannekaker til sine to søner, Per 5 år og Jan 3 år. Gutane begynte å krangle om kven som skulle få den første pannekaka. Mora såg då anledningen for ein moralsk leksjon:

- Hvis Jesus satt her, ville han sagt: "La broren min få den første pannekaka. Eg kan vente." Per dunka til sin yngre bror og sa: - Jan, du kan være Jesus!!

Ein far var på stranda med barna sine da den fire år gamle sonen fann ei måke som låg död i sanden.

- Pappa, kva har skjedd med den? spurde sonen.

- Den döde og reiste heim til Himmelten, svarte faren.

Gutten tenkte ein augneblink og sa: - Har Gud kasta han ned igjen?

Presten til sin nabo: - Det blir nok ingen epler på dette treet, sidan du plantar det på en søndag.

Naboen: - Det har du nok rett i. Det er eit pæretre!



**REISENE BESTILLER
VI HOS:**

TRAVELNET
OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os

Tlf.: **56 30 43 00**

e-post: os@travelnet.no

www.verden.no

Følg oss på Facebook 



Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord

Tlf. **91 99 30 40**

post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

- **Tønneproduksjon før og no.**
- **Selskapslokale, kurs og møtelokale.**
- **Servering av tradisjonsmat.**
- **Steinomnnsbakst.**
- **Catering -middag, holdtbord, snittar mm.**
- **Kaker og lefser.**

  Følg oss på facebook og instagram.

BUNNPRIS

Eikelandsosen

Man - fredag **8-21**

Laurdag **9-20**

Tlf. 56581245

bpeikelandsosen@bunnpris.no

Besök vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør

Stroyma
Fusa kraftlag

5640 EIKELANDSOSEN
Tlf. **56 58 00 20**

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: **915 87 002**

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon **91 71 84 91**

E-post havard@solheimelektro.no

www.solheimelektro.no



Tombre

www.tembre.no

SPAR 

Eikelandsosen

8-21
9-20

Opningstid

Laurdagar

Tlf. 56 58 00 90



5643 STRANDVIK
Tlf. **56 58 00 70** Fax **56 58 00 79**

E-post: post@leiglandbygg.no
www.leiglandbygg.no



Fusa og Samnanger GRAVFERDSBYRÅ

OMSORG VED LIVETS SLUTT

DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09

SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRIKT TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05



SparebankenVest
avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER
www.spv.no



Hordaland A/S
Rørteknikk



56 58 09 90

 hordalandrorteknikk.no

 post@hrt.as

 Holsundvegen 285
5642 Holmefjord

Din VVS, VA, Vannkraft og Havbruk leverandør.

Godkjent lærebekrift i rørleggerfaget.



STRANDVIK
Transport og Maskin AS
5643 STRANDVIK strandvik.no dulten@online.no
56 58 21 11 918 44 000 900 12 126 918 18 592



Eide

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER,
BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15

Norheimsund
TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88

E-post: post@nhstrykk.no

Alt i trykksaker

SPAR

Fusa

8-21
9-20

Man-fre

Lørdag

Tlf. 56582133
spar.fusa@spar.no

*Velkommen til hyggelig
handel hos Spar Fusa!*

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60
E-post: post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no

MALERMESTER
ah ALF HJELLE & SØNN AS



Utfører alt i maler- og golvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

**FARGERIKE
HJELLE**

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. 56 58 15 25 eller 915 46 880
E-post: firmapost@alfhjelle.no

VESTLANDSKS LIMTRE
INDUSTRI AS

5642 HOLMEFJORD
Telefon 56 58 07 00
Telefax 56 58 07 01

Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler - takverk

post@vlimitre.no www.vlimitre.no

BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s.

PROSJEKTADMINISTRASJON · TAKSERING · KVALITETSUTVIKLING · OPPLÆRING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa

Tlf. 56 58 22 86

Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A



P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no



Fusa kyrkjeblad 87 år: nr. 2:2021



Fusa
Ferdigbetong as
5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10
Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no

Vi feirar påsk

Laurdag 27. mars

Vi er så heldige at vi får innleda påsken med Konsert med Norheimsund og Øystese Ungdomskor. Dei stiller med band og held konserten «Fast som fjell». Gjennom musikk, tekstu-

lesing, lyssetjing og bruk av bilete på storskjerm vert publikum teke med på ei vandring frå palmesundag til påskemorgon. Repertoaret er variert og spenner frå tradisjonelle sal-

mar til nyare songar. Alt blir framført på norsk. Konserten blir i Strandvik kyrkje laurdag 27. mars kl. 18.00. Det er fri entrè, men kollekt til koret sitt misjonsprosjekt i Kenya.



Palmesøndag, 28. mars

Jesus var ofte i Jerusalem for å feire påske. Men denne påsken skulle bli annleis, og det visste han. Først skulle søndagen før påske markerast. Jesus bad disiplane finne eit esel til seg. Så sette han seg på dette eselet og rei inn i Jerusalem. Folket hylla han som ein konge og ropte «Hosianna, (Hurra!) kongen vår er komen!» Dei la kapper og palmegreiner på vegen framføre han. Me feirar denne dagen som palmesøndag, og den feirar me i lag på familiegudsteneste i Sundvor kyrkje, palmesøndag 28. mars kl. 11.00.

Skjærtorsdag, 1. april

Lærersteinane og Jesus samla seg for å ete påskemåltidet, som var og er vanleg skikk for jødane. Ved inngangen til måltidet vaska dei alltid føtene, noko som var naudsnyt ettersom dei brukte opne sandalar i ørkenstøv og skit og låg ved bordet når dei skulle ete. Det var tenrarar som til vanleg vaska føtene til dei som skulle ete, men denne dagen gjorde Jesus det på alle lærersteinane. Han vil at vi skal tene kvarandre på same måte. Skjær betyr rein. Jesus renser oss og gjer oss reine med sitt blod, sin død for oss, og tilgjev oss all vår skuld. Litt uti måltidet braut Jesus brødet og delte vinen. Han bad oss å gjere det same, til minne om det som skulle koma: Jesu død på korset, Jesu offer for oss. Vi markerer dette måltidet til liv og fellesskap med **nattverdsgudsteneste i Strandvik kyrkje, skjærtorsdag 1. april kl. 19.00.**



Langfredag, 2. april

Jesus blir dømd, krossfest, døyr og blir lagt i grava. Under Langfredagsgudstenesta vert det kvart år lese lidingssoga frå eit av dei fire evangelia. I år er det lidingssoga etter evangelisten Lukas sin tur. Ved denne teksten har komponisten Wim Kamp komponert orgelmusikk som fylgjer teksten nøye. Etter kvart avsnitt som vert lesen, får ein høyra same avsnittet i musikk.

Kamp har lukkast i å formidle tekstane i eit forsiktig moderne, men likevel

lettfattelig tonespråk. Musikken er til tider veldig gripande, ikkje minst fordi kjente liturgiske melodiar og salme-melodiar tittar fram på visse punkt og gjer den dramatiske evangelieteksten meir nærverande. Innimellom vert det òg plass til salmesong av kjente pasjonssalmar.

Langfredagsgudstenesta vert i år i Sævareid kapell, 2. april kl. 11:00. Sokneprest Einar Ekerhovd les tekstane medan kantor Iman de Zwarte sit ved orgelet.



e i Fusa

Påkenatt, 3. april

På trass av at Jesus si grav blir stengd med ein stor stein og vakta nøye, hende likevel det som Gud hadde planlagd skulle skje: «Dette er natta då Kristus braut dødens lekkjer, og sigrande stod opp frå dødsriket». Altertavla i Hålandsdal kyrkje lyser mot oss, med ein sigrande Jesus som har overvunne døden. Me feirer overgangen frå døden til livet i ei gudsteneste med a-capella sang og stearinlys, skriftlesing og andakt. **Hålandsdal kyrkje, påskeaftan 3. april kl. 23.00**



Påskedag, 4. april

Og sjå; steinen var rulla vekk og grava var tom. Jesus er stått opp, ja han er sannelig stått opp! Det er fest i kyrkja når me feirar at Jesus har stått opp frå døden og lever mellom oss no. Påskedag og det som skjedde då er opphavet til kristen tru og gudstenestefeiring. Me feirar med **festgudsteneste i Fusa kyrkje, påskedag kl. 11.00**.

2. påskedag, 5. april

Etter Jesu oppstandelse viste han seg for lærersveinane og fleire andre. Det vil han gjera for menneska i dag òg. Gud er synleg på fleire forskjellige måtar, t.d. i naturen. Denne dagen feirar me med **friluftsgudstenste ved Hafskorvatnet kl. 12.00**.

OPEN KYRKJE i Strandvik

Om ikkje smitteverntiltaka vert strengare utover våren, vil det også i år vere «Open kyrkje» i Strandvik. Kvar tredje tysdag i månaden vil kyrkja vere open frå kl. 19:00 til 20:00. Ein kan tenne lys, sitje stille i

ein benk og høre på musikk framført i ulik storleik og fasong – avhengig av kva smitteverntiltaka gjev rom for. Også tilgjengelege plassar er avhengig av skiftande smitteverntiltak.

Datoane i resten av vårsesongen er

16. mars, 20. april, 18. mai og 15. juni. Fylg elles med i lokalavisa og på soknet si Facebooksida – også for oppdatert informasjon ism. pandemien.

Gåver med skattefrådrag

Gåver som blir gitt til Fusa sokn eller til Fusa sokn sine prosjekt, gjev rett til skattefrådrag. Ein må gje 500,- kr. eller meir til Fusa sokn i løpet av eit kalenderår for at dette skal gjelde, og totalt kan ein person få skattefrådrag for gåver opp til kr. 50 000,- gjeven til godkjende organisasjonar.

Dei seinaste åra har alle som har gjeve gåver f.o.m. 500 kr. til Fusa sokn automatisk blitt registrerte med skattefrådrag. Dette blir det ei endring på i 2021. No må dei som ynskjer skattefrådrag gje melding til kyrkjekontoret om dette. Ein må i den samanhengen anten oppgje personnummeret sitt til

oss eller gje oss fullmakt til å hente dette frå medlemsregisteret. Beskjed om dette og fullmakt kan gjerast på mail til post.fusa@kyrkja.no. Vil ein oppgje personnummert sitt sjølv må ein ringe det inn til kyrkjekontoret på 56580181.



Hans Nielsen Hauge – «ånd og hånd»

I år er det 250 år sidan Hans Nielsen Hauge blei født. Det skal markerast på fleire måter med både jubileumsarrangement og konferansar der ein set fokus på betydningen av hans liv og virke like opp til vår tid.

Han blei født 3. april 1771 på gården Hauge i Rolvsøy i Østfold og vaks opp i ein gudfryktig heim der det var andakt både morgen og kveld. Livet hans blei totalt forvandla då han på formiddagen den 5 april 1796 gjekk og pløygde på åkeren heime på garden. På underfullt vis openberra Gud seg for han og dette «glimtet» denne aprildagen kom til å få konsekvenser for heile hans liv. Ja, meir, for heile landet vårt.

Hauge fekk eit sterkt kall til å forkynne: «Jeg ville gjerne tjene Gud og bad om at han ville åpenbare for meg hva jeg skulle gjøre. Da gjenlød det i mitt indre: Du skal bekjenne mitt navn for mennesken, fomane dem til å omvende seg og søke meg mens jeg er å finnes». Fra 1797 til 1804 levde han ut dette kallet. Vandra omkring, forkynnte og formana til omvendelse. Men samtidig brukte han sine evner til næringssirkosomhet. Han var ein grunder og nettverksbygger av dei skjeldne. Hovedmassen av folk i Noreg på den tid var bønder. Berre 8% budde i byer. Og det var bøndene som fekk ein ny mulighet gjennom Hauge sin næringssirkosomhet. Ikkje mindre enn 30 bedrifter grunnla han og skapte vekst og utvikling i bygde Norge. Samtidig kom han på kant med embedsverket i kyrkja og trossa forbudet mot å forkynne offentleg. Han blei også arrestert for lausgiengeri då det var forbudt å bevege seg fritt rundt i landet. Dette løyste han ved å skaffe seg borgarbrev i Bergen slik at han kunne drive handel og reise fritt.

Det er vel verdt å legge merke til at han virka ikkje i meir enn 7 år. Frå 1797 til 1804 vandra han rundt i sto-

re delar av landet. Vekking fulgte i hans fotspor og næringsliv blomstra i dalar og fjordarmar. Han var med å skape den nye tid. Fleire gongar var han arrestert og sett i fengsel, og frå 1804 satt han inne nesten samanhengande til han blei løslatt i 1814. Då var helsa øydelagt og han levde eit tilbaketrukke liv på Bredtvæt gård utanfor Oslo. Her døydde han 29. mars 1824.

Mange har skreve om Hans Nielsen Hauge og forska på den innflytelse han fekk på den korte tida han virka. No skal det seiast at han også under tida i fengsel og etterpå kunne påvirke gjennom sine skrifter. Han var den mest leste forfattar på den tida, og bøkene blei solgt i store opplag.

Hans oppleving av Andens nærvær på åkeren i 1796 er veldokumentert. Men det var meir enn ei enkeltståande oppleving. Det var ei banebrytande erfaring for heile hans liv og virke. Alle som kallar seg kristen har Den heilage ande i sitt liv, men av og til utrustar Gud nokon spesielt ved å fylle dei med Anden. Dei blir ikkje meir kristen, men dei blir istandsett til teneste. Hauge var ein slik. Derfor fekk hans korte virke så stor innflytelse. Det var Anden sitt virke gjennom han som skapte forandring i menneske sitt liv og som etter kvart prega samfunnet desse menneska var ein del av. Heile vår bibel er full av slike eksempel. Felles for desse personane var at dei var fylt av og prega av Anden. I Job les vi: «Men det er ånda som er i mennesket, pusten frå Den veldige, som fører til innsikt.» Josef og Daniel var slike. Dei fekk posisjonar med stor innflytelse nettopp på grunn av sin åndsfulde. Om Josef blei det sagt av farao: «Finst det nokon mann som denne, ein som har Guds ande i seg?» Og Daniel får høyre det same frå kong Belsasar: «Eg har hørt om deg at gudars ånd er i deg, og at du har vist at du har opplysning, innsikt og makelaus visdom».



Utfordingane og forholda som Josef, Daniel og Hans Nielsen Hauge levde under var annsleis enn for oss i dag. Men dei fekk innsikt, utrustning og innflytelse til å bety ein forskjell i si tid. Felles var Andens nærvær i deiras liv.

Vi kan ikkje kopiere dei som har gått foran oss, men vi kan leve med den same utrustning og fylde. Vår tid treng dette når vi står overfor store omveltingar i møte med klima, miljø og forureining. Det grøne skifte krev nokre innovative løysingar. Gud veit alt om dette. I eit sekulert samfunn der Gud ikkje blir rekna med i daglige virke, må vi som kristne samfunnsborgarar vere frimodig med å bringe Gud på banen. Den Ånd som fylte Josef, Daniel og Hans Nielsen Hauge bur også i oss.

Sokneprest Einar Ekerhovd

BLADPENGAR

Vedlagd dette bladet finn du ein giro som gjeld frivillig betaling av bladpengar for Fusa kyrkjeblad. Kyrkjebladet er eit viktig organ for soknet og ein har kvart år som mål at bladet skal vera økonomisk sjølvberande. Takka vera frivillige bladpengar og gaver går dette stort sett bra. Du kan betala med den vedlagde giroen, betala inn på konto nr. 3530.25.86215 eller til VIPPS nr. 90436. Merk med kyrkjebladet. På førehand takk for støtta!

Gudstenester i Fusa sokn

21.03.2021 - 27.06.2021

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
Mars				
21.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Maria bodskapsdag
21.03.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Maria bodskapsdag
28.03.	11:00	Sundvor kyrkje	Familiegudsteneste	Palmesundag
April				
01.04.	11:00	Fusa bbs	Nattverdsgudsteneste	Skjærtorsdag
01.04.	19:00	Strandvik kyrkje	Nattverdsgudsteneste	Skjærtorsdag
02.04.	11:00	Sævareid kapell	Gudsteneste	Langfredag
03.04.	23:00	Hålandsalen kyrkje	Midnattsgudsteneste	Påskeaftan
04.04.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	1. påskedag
05.04.	12:00	Hafskorvatnet	Friluftsgudsteneste	2. påskedag
11.04.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Barnas påskefest	2. sundag i påsketida
18.04.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	3. sundag i påsketida
18.04.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	3. sundag i påsketida
25.04.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	4. sundag i påsketida
25.04.	16:30	Hålandsalen kyrkje	Gudsteneste	4. sundag i påsketida
Mai				
01.05.	11:00 /12:30	Hålandsalen kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag etter 4.s. i påsketida
08.05.	11:00/12:30	Fusa kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	Laurdag etter 5.s. i påsketida
09.05.	11:00	Sundvor kyrkje	Konfirmasjonsgudsteneste	6. sundag i påsketida
13.05.	12:00	Vollen/Baldersheim	Friluftsgudsteneste	Kristi himmelfartsdag
16.05.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Sundag før pinsedag
16.05.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Sundag før pinsedag
17.05.	11:00	Hålandsalen kyrkje	Høgtidsgudteneste	17. mai
23.05.	11:00	Fusa kyrkje	Høgtidsgudsteneste	1. pinsedag
24.05.	12:00	Vinnesholmen	Friluftsgudsteneste	2. pinsedag
30.05.	11:00	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	Treeiningssundagen
Juni				
06.06.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	2. sundag i treeiningstida
13.06.	11:00	Eikelandsosen bedehus	Familiemix	3. sundag i treeiningstida
20.06.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	4. sundag i treeiningstida
20.06.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	4. sundag i treeiningstida
27.06.	11:00	Hålandsalen kyrkje	Gudsteneste	5. sundag i treeiningstida

Det kan kome endringar i gudstenestelista.

Fra

KYRKJEBØKENE



Dåp

Hålandsalen kyrkje

31.01.2021 Olea Yndestad



Gravferd

Strandvik kyrkje

19.01.2021 Hans Vindenes, f. 09.03.1930

27.01.2021 Pirjo Helena Arponen Snilstveit, f. 09.08.1949

Fusa kyrkje

20.01.2021 Wincentz Osebakken, f. 25.04.1925

12.02.2021 Einar Johan Martinsen, f. 02.12.1940

19.02.2021 Knut Foer, f. 05.07.1934

Sævareid kapell

24.02.2021 Torvald Edvin Hageberg, f. 09.11.1929



Informasjon

Avsendar:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandssosen

Sidan sist



BÅLPANNEGUDSTENESTE: Ca. 100 personar var samla til Bålpannegudsteneste ute i Strandvikparken søndag 19. januar. Foto: Hans Einar Markhus



NATTVERDSGUDSTENESTE MED SNØALTER: 65 personar var med på Nattverdsgudsteneste ute ved Hålandsdal kyrkje 31. januar. Foto: Harald Geir Sæther



SNØALTER: Guttekuben NOAH nytta minusgraden og bygde snoalter og alterring til gudstenestebruk. Foto: Ernst Ove Indrebø



PÅ GLATTIS`N MED EKIS`N: Sokneprest Einar «Ekis» Ekerhovd har denne vinteren blitt friluftsprest. Her med ny «liturgisk» hue på gudstenesta «På glattis`n med Ekis`n» på Ådlandssjøen. Foto: Hans Einar Markhus



ÅDLANDSSJØEN: Nesten 100 fusingar deltok på familiegudsteneste på isbana på Ådlandssjøen søndag 14. februar. Foto: Hans Einar Markhus